



Notat

Dato: 29.10.2018
Arkivsak: 2016/9439-30
Saksbehandlar: BEALIND1

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oppfølging selskapskontroll Hordaland Teater LL

Generalforsamlingar

For sikre at representantar til generalforsamlingar får tilstrekkeleg høve til førebuingar vart det fremma sak for fylkesutvalet, som er fylkeskommunen sitt eigarutval, 1.februar 2018.

Fylkesutvalet gjorde følgjande vedtak:

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.02.2018

Roald Stenseide, Frp, sette fram slikt forslag: «Alternativ Fylkesordføraren utpeikar representantar til generalforsamlingar fortrinnsvis blant fylkesutvalet sine medlemmer.»

Røysting Fylkesrådmannen sitt forslag fekk ingen røyster og fall.

Stenseide sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesordføraren utpeikar representantar til generalforsamlingar fortrinnsvis blant fylkesutvalet sine medlemmer.

Vedtaket vart gjennomført med fylkesvaraordførar Pål Kårbø som koordinator i den politiske leiinga.

Sjå vedlagte oversyn over rutineoppfølging.

Beate Husa vart oppnemnd som eigarrepresentant og fikk den naudsynte informasjon så snart han lå føre.

Administrasjonen blei orientert om denne oppnemninga i mail (sjå vedlegg) 8.april 2018.

Generalforsamlinga vart avholdt 17.april.

